



Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6731 - 21/56533

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
27.08.2021

## Løyve til etablering av ny avkøyring til kommunal veg - gbnr 1/80 Flatøy

Saka gjeldt søknad om avkøyringsløyve til kommunal veg for gbnr 1/80 datert 09.08.2021.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om avkøyringsløyve i samband med etablering av musikkhus på gbnr 1/80 – Flatøy i Alver kommune.

#### Vurdering/drøfting:

Søknaden er sendt inn som utvida bruk av avkøyrsløye, men eigedomen har pr. i dag inga avkøyrsløye men tilkomst i form av sti til bygg på eigedommen. Søknaden vert difor handsama som etablering av avkøyrsløye og ikkje utvida bruk. Same kriterie vert stilt i begge type søknad.

Førre søknad vart avslått då det ikkje låg føre situasjonsplan som viste utforming av avkøyrsløye og lengdeprofil. Dette er no lagt ved søknaden. Alle mål er ikkje sett på skissa og det vert stilt krav om etablering av avkøyrsløye til offentleg veg i samsvar med handbok N100.

Den kommunale vegen si fartsgrense er i vegkart vist som anbefalt 50 km/t. Då dette er ein veg ein normalt vil halde svært låg fart på, kan ein godta minstekrav til siktzone for fartsgrense 30 km/t.

Dette siktkravet er pr. i dag 3x20m.

Ved søknad om etablering og gjennomføring kan det bli stilt krav om prosjekteringsteikningar for avkøyrsløye, lengdeprofil og snuområde på tomta, der alle mål er vist.

#### Samandrag/konklusjon:

Det vert ikkje gitt løyve til utvida bruk, men det kan bli gitt løyve til etablering av ny avkøyrsløye frå kommunal veg til eigedomen.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

## Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til at det kan etablerast ny avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Sikt i avkjørsle vert sett til minstekravet for offentlig veg, 3x20m. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Vedtaket gjeld avkjøringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

## Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Avdelingsleiar plan og byggesak  
Barbro Wiig Sulebakk

Grønlandsvegen 5918  
20

FREKHAUG

Saksansvarleg byggesak  
Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 5918  
20

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 5918  
11

FREKHAUG